

UTVIKLINGA I PENSJONERING OG SYSSELSETJING BLANT SENIORAR

Av Oddbjørn Haga og Ole Christian Lien

Samandrag

Mange fleire kombinerer arbeid og pensjon enn for nokre år sida, og det er ofte ikkje samsvar mellom når folk tek ut pensjon og når dei sluttar i arbeid. NAV publiserer difor indikatorar for både pensjoneringsåtferd og sysselsetjing blant seniorar.

Forventa yrkesaktivitet etter 50 år er ein indikator for å måla talet på årsverk folk kan vente å vera i arbeid etter fylte 50 år. Målet baserer seg på yrkesaktiviteten i einskilde år og er ikkje betinga på at ein var i arbeid ved 50 år. Ein 50-åring kunne i 2016 forventa å vera yrkesaktiv i ytterlegare 11,8 år på fulltid. Dette er ein auke på 0,1 år frå 2015 og 2,2 år frå 2001. Auken i levealder ved 50 år etter 2001 er til samanlikning 2,7 år, og viser at folk over 50 år har teke ut det meste av auken i forventa levealder i form av auka yrkesaktivitet.

Yrkesaktiviteten for dei over 50 år er no den høgaste den har vore i tida etter 2000, og sannsynlegvis den høgaste nokosinne. I IA-avtala er eit av måla at forventa yrkesaktivitet etter 50 år skal forlengjast med tolv månader frå 2009 til 2018. Auken til og med 2016 er om lag elleve månader. Målet vil bli nådd i 2018 med god margin dersom yrkesaktiviteten aukar i same takt som i perioden 2009–2016.

Gjennomsnittleg avgangsalder er eit mål på gjennomsnittsalderen for avgang frå arbeidslivet for dei som trer ut etter 50 år. Gjennomsnittleg avgangsalder var 65,8 år i 2016. Det er ein auke på 2,1 år frå 2001. Talet er høgare enn kva forventa yrkesaktivitet etter 50 år tilseier, fordi gjennomsnittleg avgangsalder er betinga på at ein var i arbeid fram til 50 år, og heller ikkje skil mellom heiltids- og deltidsarbeid.

Forventa pensjoneringsalder ved 50 år er eit mål på når folk som ikkje var pensjonert ved 50 år, i gjennomsnitt tek ut alderspensjon, uføretrygd eller AFP. Forventa pensjoneringsalder ved fylte 50 år var i 2016 62,8 år. Det er uendra frå 2015 og 0,9 år lågare enn i 2010. Langt fleire arbeidde samstundes med at dei tok ut pensjonen i 2016 enn før pensjonsreforma i 2010.

Innleiing

Vi presenterer i denne artikkelen oppdaterte tal for tre indikatorar for pensjoneringsåttferd og sysselsetjing blant seniorar:

- Forventa pensjoneringsalder
- Forventa yrkesaktivitet
- Gjennomsnittleg avgangsalder

Forventa pensjoneringsalder seier ved kva alder ein kan forventa at personar som enno ikkje har teke ut pensjon i ein gitt alder i eit gitt år vil ta ut pensjon, dersom pensjoneringsåttferda held seg som i dag. Vi reknar i denne samanheng folketrygdas alderspensjon og uføretrygd, og avtalefesta pensjon (AFP) som pensjon.

Forventa yrkesaktivitet seier kor mange årsverk ein kan forventa at ein person ved ein gitt alder vil bidra med i arbeidslivet framover. Talet gjeld for heile folket i den gitte alderen, og er altså ikkje avgrensa til dei som framleis er i arbeid. For dokumentasjon av metodane, sjå Haga (2013).

Gjennomsnittleg avgangsalder er eit mål på gjennomsnittsalderen for avgang frå arbeidslivet for personer som går ut av arbeidslivet ved 50 år eller seinare. Dette målet er dermed betinga på at ein ikkje gjekk ut av arbeidslivet før 50 år og skil heller ikkje mellom heiltids- og deltidsarbeid. Samanlikna med Haga og Lien (2016) har vi i denne artikkelen endra metoden for å rekne ut gjennomsnittleg avgangsalder (sjå faktaboks seinare i artikkelen).

Færre sysselsette til å forsørgja kvar pensjonist

Då folketrygda vart innført i 1967, var det vel 3,5 yrkesaktive for kvar alderspensjonist og uføretrygda. I 2016 hadde dette talet falle til 2,3. Når fleire frå dei store etterkrigskulla ikkje lenger er yrkesaktive og skal forsørgjast av mellom anna dei små fødselskulla frå slutten av 1970-talet og starten av 1980-talet, vil talet minka endå meir. Trass i at pensjonsreforma gjev fleire i jobb reknar vi med at talet på yrkesaktive per pensjonist vil falla til 2,0 kring år 2030 og til 1,5 i 2060 (Fredriksen og Stølen 2014). Den kraftige auken i forsørgingsbøra sidan folketrygda vart innført kjem av fleire tilhøve:

- Auke i forventa levealder: Forventa levealder ved fødselen har auka frå 74 år i 1967 til 82 år i 2016, og forventa attståande levetid for 67-åringar har i den same perioden auka frå 14 år til 19 år.¹
- Alderen når folk kjem inn i arbeidslivet har auka som følge av at fleire tek høgare utdanning. I 1970 hadde 79 prosent av 25-årige menn inntekt over halvparten av gjennomsnittsløna i Noreg. I 2015 gjaldt dette berre 55 prosent. Dette er ein grov indikasjon på prosentdelen som har arbeid som hovudinntekt ved 25 år. Hovudgrunnen til at folk startar seinare i arbeid er at fleire tek høgare utdanning. I 1980 var det 20 prosent av folket i alderen 30–39 år som hadde avslutta høgare utdanning, medan tilsvarende tal i 2015 var 48 prosent.²
- Alderen ved avgang frå arbeidslivet har minka på lang sikt, sjølv om det har vore ei auke dei siste 2–3 tiåra. Det kjem av høgare uttak av uføretrygd, innføringa av avtalefesta pensjon (AFP) i 1989 og at den allmenne pensjonsalderen vart sett ned frå 70 år til 67 år i 1973. 49 prosent av 66-årige menn hadde inntekt over halvparten av gjennomsnittsløna i 1970, medan 39 prosent hadde det i 2015. Dette er ein grov indikasjon på prosentdelen som har arbeid som hovudinntektskjelde ved 66 år.
- I motsett retning dreg at kvinneleg yrkesdeltaking har auka kraftig dei siste tiåra og medverka til fleire sysselsette. Prosentdelen sysselsette kvinner i alderen 15–74 år auka frå 44 prosent i 1972 til 65 prosent i 2016.³

Fleire kombinerer arbeid og pensjon

Det siste tiåret har det vorte stadig fleire som kombinerer arbeid og pensjon. Frå 2008 vart det mogeleg for 67-årige alderspensjonistar å kombinera arbeid og pensjon utan at pensjonen vart avkorta, og i 2009 og 2010 vart ordninga utvida til også å gjelde 68- og 69-åringar. For alderspensjonistar over 70 år var dette mogeleg også tidlegare. Med pensjonsreforma i 2011

.....
¹ Kjelde: Statistisk Sentralbyrå (SSB), sjå www.ssb.no/tabell/05375.
² Kjelde: SSB, sjå www.ssb.no/tabell/08921.
³ Kjelde: SSB, sjå www.ssb.no/tabell/05111. For 1972 refererer talet til aldersgruppa 16–74 år.

vart det mogeleg å ta ut alderspensjon også i aldersgruppa 62–66 år, og denne gruppa kunne dermed også kombinera arbeid og alderspensjon fritt. Det vart òg innført ei ny AFP-ordning i privat sektor. Medan det tidlegare gjaldt strenge avkortingsreglar for kombinasjon av AFP med arbeidsinntekt, kan ein frå 2011 fritt kombinera ny privat AFP med arbeidsinntekt. Dette gjeld derimot ikkje AFP-mottakarar i offentleg sektor.

Om vi ser på uføretrygd, AFP og alderspensjon samla, var det 19 prosent av mottakarane i alderen 50–69 år som kombinerte pensjon eller uføretrygd med arbeid ved utgangen av 2009. Fram til utgangen av 2016 hadde denne delen auka til 25 prosent. Det er flest som kombinerer pensjon og arbeid blant alderspensjonistane i aldersgruppa 62–66 år. Nesten seks av ti kombinerte pensjonen med arbeid ved utgangen av 2016. Dette medverkar til at forventna pensjoneringsalder og forventna yrkesaktivitet har hatt ulik utvikling dei siste åra.

Høgare yrkesaktivitet blant dei over 50 år

Yrkesaktiviteten for dei over 50 år har auka monaleg sidan 2009 (figur 1). Som følgje av pensjonsreforma har sysselsetjinga auka særleg mykje for aldersgruppa

IA-avtala

IA-avtala, eller intensjonsavtala om eit meir inkluderande arbeidsliv (sjå Regjeringa og partane i arbeidslivet 2014), er ei avtale mellom regjeringa og partane i arbeidslivet for å skapa eit meir inkluderande arbeidsliv. Avtala vart fyrste gong underteikna i 2001. Den noverande avtala gjeld for perioden 2014–2018. Hovudmålet med den er «å betra arbeidsmiljøet, styrka jobbnærværet, førebyggja og redusera sjukefråvær, hindra utstøying og fråfall frå arbeidslivet.»


Dei tre delmåla for 2014–2018 er:

- Reduksjon i sjukefråværet med 20 prosent samanlikna med nivået i andre kvartal 2001.
- Hindra fråfall og auka sysselsetjing av personar med nedsett funksjonsevne.
- Yrkesaktivitet etter fylte 50 år skal aukast med tolv månader samanlikna med 2009.

NAV har arbeidslivssenter i alle fylke. Desse er ressurs- og kompetansesenter som støttar verksemdene i arbeidet med å nå måla i IA-avtala.

62–66 år i perioden 2010 til 2015/2016. Denne auken starta for 62-åringane i 2011 og 2012 og har sidan forplanta seg til høgare aldrar år for år etter kvart som årskullet som var 62 år i 2011 har blitt eldre. Som nemnt vart òg avkortinga av alderspensjonen ved arbeid for aldersgruppa 67–69 år avskaffa i perioden 2008–2010, noko som har medverka til auka sysselsetjing også for denne gruppa. Andre viktige årsaker til

Figur 1. Del av folketalet i registrert arbeid, etter alder. Tal for 2. kvartal. Prosent



Kjelde: Statistisk sentralbyrå (Nordby og Næsheim 2017).

den positive utviklinga er truleg betre helse og auka utdanningsnivå blant eldre.

Aldersgrensa i arbeidsmiljølova for når oppseiingsvernet tek slutt, blei auka frå 70 til 72 år frå 1. juli 2015. På grunn av overgangsordningar, er det framleis for tidleg å sjå effektar av denne endringa.

Delmål 3 i IA-avtala for 2014–2018 er at gjennomsnittleg periode med yrkesaktivitet etter fylte 50 år skal aukast med tolv månader frå 2009 til 2018. Figur 3 viser eit mål på dette – forventa yrkesaktivitet etter 50 år. Merk at denne indikatoren er basert på sysselsetjinga for heile folket over 50 år, også den delen som hadde slutta i arbeid før 50 år på grunn av arbeidsløyse eller dårleg helse. Skulle vi rekna med berre dei som framleis var yrkesaktive ved 50 år, ville tala vore høgare.


A-ordninga som vart innført 1. januar 2015 førte til nytt datagrunnlag om arbeidsforhold som følgje av endringar i kva for arbeidsforhold verksemdar skal registrere og i rutinane for korleis innrapporteringa skal skje. Dette har ført til eit brot i statistikken som gjer at vi må tolke utviklinga frå 2014 til 2015/2016 med varsemnd (sjå Nordby og Næsheim 2017 for meir informasjon).

Ein 50-åring kunne i 2016 venta å vera i arbeid framover tilsvarande 11,8 år med full stilling. Det har vore ein auke på 0,9 år (elleve månader) frå 2009. Forventa yrkesaktivitet etter 50 år er no høgare enn i alle tidlegare år vi har data for og truleg på sitt høgaste nivå nokosinne. For 2001 til 2016 svarar auken til 2,2 årsverk per person. Yrkesaktiviteten har vore jamn eller aukande i kvart einaste år i perioden, også i periodar med stigande arbeidsløyse, slik som i 2002–2003, 2009–2010 og 2013–2016. Menn jobbar i større grad enn kvinner i konjunkturutsette yrke, og kurva for menn svingar derfor meir. Blant menn ser vi òg ein nedgang i yrkesaktiviteten etter 50 år sidan 2014. Auken over tid er størst for kvinner, og det skuldast at dei årskulla med kvinner som no passerer 50, har vore meir yrkesaktive gjennom heile sitt vaksenliv.

Ei mogleg forklaring på auken i yrkesaktivitet etter fylte 50 år er elles at ein stadig større del av folk i denne aldersgruppa har høgare utdanning. Tidlegare granskingar viser at sysselsetjinga blant eldre aukar med utdanningsnivået (Nordby og Næsheim 2017).

At store årskull no er i ferd med å nærma seg pensjonsalder, kan dessutan ha ført til ei haldningsendring blant arbeidsgjevarar og arbeidstakarar, slik at både arbeidskraftstilbodet og etterspurnaden kan ha auka

Figur 2. Forventa yrkesaktivitet (i årsverk) etter fylte 50 år, etter kjønn



Kjelde: NAV

i denne aldersgruppa. Spørjeundersøkinga Norsk seniorpolitisk barometer 2016 (Dalen 2016a og 2016b) viser til dømes at ønskt avgangsalder frå arbeidslivet har auka med fem år frå 2003 til 2016 og er no 66 år. Synet på eldre i arbeidslivet har òg jamt over betra seg blant arbeidsgjeverane sidan 2003. Undersøkinga frå 2016 viser likevel at arbeidsgjevarane dei siste par åra har vore litt meir negative til å tilsette seniorar. Det kan komme av at eldre er meir utsett på arbeidsmarknaden i en lågkonjunktur, slik vi òg så under finanskrisa.

Auken i forventa yrkesaktivitet frå 2010 til 2016 har også samanheng med pensjonsreforma og innføringa av nytt pensjonsregelverk frå 2011. Nytt med pensjonsreforma var at personar i alderen 62–66 år kunne kombinera arbeid og alderspensjon utan at pensjonen vert redusert. Dahl og Lien (2013) og Hernæs m.fl. (2016) viser at reforma førte til ein signifikant auke i sysselsetjinga for personar over 62 år. Auken kom i særleg grad for arbeidstakarar i private AFP-verksemder der insentiva til arbeid i størst grad blei betra.


Eldre arbeidar lengst i Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane er fylket med høgast yrkesaktivitet blant dei over 50 år, følgt av Akershus (figur 3). Folk i Sogn og Fjordane arbeider i gjennomsnitt 13,3 år på heiltid etter at dei har fylt 50 år. Aust-Agder og Østfold er dei to fylka med den lågaste yrkesaktiviteten. 50-åringar kan der rekna med å vera berre 10,5 og 10,6 årsverk i arbeid etter fylte 50 år.

Alle fylka har auke i yrkesaktiviteten frå 2009 til 2016. Sogn og Fjordane og Nordland hadde størst auke med eitt og eit halvt år. Åtte fylke hadde ein auke på over eitt år, som er målet for 2018 i IA-avtala. Vi kan til dels forklara den fylkesvise variasjonen med skilnadar i næringsstruktur og utdanningsnivå. Akershus er fylket med nest høgast utdanningsnivå (etter Oslo) for folk i aldersgruppa 60–66 år. Østfold har det nest lågaste utdanningsnivået (etter Hedmark) for folk mellom 60 og 66 år.⁴

⁴ Prosentdel av folkemengda i alderen 60–66 år som i 2015 hadde universitets- eller høgskuleutdanning. Kjelde: SSB, sjå www.ssb.no/tabell/08921.

Figur 3. Forventa yrkesaktivitet (i årsverk) etter fylte 50 år i 2009 og 2016, etter fylke



Kjelde: NAV

Yrkesaktiviteten har òg samanheng med kor mange i ulike fylke som er utanfor arbeidslivet på grunn av helse. Medan 27 og 26 prosent av folk i alderen 50–66 år fekk uføretrygd i Østfold og Aust-Agder ved utgangen av 2016 (fylka med høgast prosentdel), gjaldt dette til dømes berre 14 prosent i Akershus (lågast av alle fylka).

Gjennomsnittleg avgangsalder etter næring og yrke

Indikatoren for forventa yrkesaktivitet seier ikkje noko direkte om ved kva alder folk forlèt arbeidslivet. Indikatoren lèt seg heller ikkje enkelt fordela på næring eller yrke. Til desse formåla nyttar vi indikatoren gjennomsnittleg avgangsalder etter 50 år. Vi har endra metoden samanlikna med Haga og Lien (2016), og det gjev eit høgare nivå på tala enn tidlegare (sjå faktaboks).


Figur 5 syner at gjennomsnittleg avgangsalder i 2016 var 65,8 år, ein auke på 0,8 år frå 2009 og 2,1 år frå 2001. Frå 2015 finn vi likevel ein nedgang på 0,1 år. Utviklinga over tid er temmelig lik utviklinga for forventa yrkesaktivitet etter 50 år, sjølv om nivået for tala på avgangsalder er nokre år høgare. Det kjem av

at tala for avgangsalder ikkje skil mellom heiltids- og deltidsarbeid, og at tala legg til grunn at ein var i arbeid fram til 50 år. Avgangsalderen blir om lag eitt år lågare om vi definerer arbeidstakarar med under 50 prosent stilling som å ha hatt avgang frå arbeidslivet (berre tal for 2015 og 2016 her). Avgangsalderen i 2016 var høgast i Sogn og Fjordane og lågast i Aust-Agder (sjå figur 5).

I tillegg til gjennomsnittstal gjer det ei breiare innsikt om vi ser nærare på korleis avgangen frå arbeidslivet fordeler seg etter alder (sjå figur 6). Vi samanliknar her 2010 – rett før pensjonsreforma – med 2016. Medan 62 år var den vanlegaste avgangsalderen i 2010, har det nå vorte 67 år. Vi ser at tala òg viser ein topp ved 65 og 70 år. Mange yrke har særaldersgrense på 65 år, og 65 år er òg nedre aldersgrense for å ta ut AFP i offentlig sektor utrekna etter reglane for tenestepensjon. 70 år er øvre aldersgrense for stillingsvernet i arbeidslivet for offentleg tilsette og for privat tilsette der arbeidsgivar har innført verksemdsintern aldersgrense.


Figur 7 og 8 viser avgangsalderen etter yrke og næring i 2016. Her er tala på avgangsalder lågare enn i figur 4. Det kjem av at indikatoren er basert på ein noko annleis

Figur 4. Gjennomsnittleg avgangsalder etter 50 år, etter kjønn




Kjelde: NAV

Figur 5. Gjennomsnittleg avgangsalder etter 50 år, etter fylke



Kjelde: NAV

Figur 6. Avgang frå arbeidslivet etter 50 år i 2010 og 2016, etter avgangsalder¹. Prosent



Kjelde: NAV


¹ Basert på netto avgangsratar frå desember året før.

metode som ikkje i same grad får tatt høgde for nyttilsette i arbeidslivet etter 50 år (sjå faktaboks). Vi kan like fullt bruke tala til å samanlikne yrke og næringar.

Blant næringane er det offentleg forvaltning og elektri-


sitet, vatn og renovasjon som har høgast avgangsalder, følgt av personleg tenesteyting og undervisning. Dei har alle avgangsalder på om lag 65 år. Overnattings- og serveringsverksemder og bergverksdrift og utvinning har klart lågast avgangsalder, på drygt 60 år.

Figur 7. Gjennomsnittleg avgangsalder etter fylte 50 år i 2016, etter næring



Kjelde: NAV

Figur 8. Gjennomsnittleg avgangsalder etter fylte 50 år i 2016, etter yrke



Kjelde: NAV

Leiarar og akademiske yrke har høgaste avgangsalder, begge på over 65 år. Lågast her er reinhaldarar, hjelpearbeidarar mv. som har en avgangsalder på drygt 61 år.

Vi må tolke tala for avgangsalder etter næring og yrke med varsemd sidan mobilitet mellom yrke og næringer

Metodar for å rekne ut avgangsalder

Det finst mange alternative metodar for å rekne ut avgangsalder, og det finst også fleire aktuelle datagrunnlag man kan ta utgangspunkt i. Metodane for å rekne ut avgangsalder varierer internasjonalt.

Sverige opererer med minst tre ulike metodar (Carneck 2016 og Birkholz 2017), som alle har nokså ulike nivå og ulik utvikling over tid. Eitt av måla følgjer einskilte kohortar over tid frå 59 år og framover. Dette gjev det mest reelle biletet av avgangsmønsteret, men har den store ulempa at ein må vente til alle i kohorten har tredd ut av arbeidslivet for å rekne ut gjennomsnittleg avgangsalder. For å finne median avgangsalder er det likevel tilstrekkeleg at halvparten har hatt avgang. Eit anna mål baserer seg på tverrsnittsdata frå Arbeidskraftundersøkinga¹, der differansen mellom sysselsetjingsratar ved eittårige aldrar på eit gitt tidspunkt vert nytta som overslag for avgangsratar. Dette målet krev berre data for eitt år for å rekne ut avgangsalderen. Startalderen i utrekninga er her 50 år. Det siste målet baserer seg på registerdata for lønntakarar, der avgangsalderen vert rekna ut frå eit overslag for overgangsratar frå/til arbeid over ein toårsperiode. Startalderen er her 43 år (alderen der delen i arbeid når sitt maksimum).

OECD nytter òg data frå Arbeidskraftundersøkinga, men i 5-årige aldersgrupper med ein startalder på 40 år og med ein øvre alder i arbeidslivet på 74 år. Indikatoren deira «average effective age of retirement» (Scherer 2002) baserer seg på tverrsnittdata der differansen i sysselsettingsratane mellom 5-årige aldersgrupper glatta over ein 5-årsperiode vert nytta som overslag for netto avgangsratar frå arbeidslivet. Dette gjev eit unøyaktig mål på avgangsalder, men har den fordelene at ein kan samanlikna tala på tvers av alle OECD-land.

I Noreg nytta vi i Haga og Lien (2016) ein metode der gjennomsnittleg avgangsalder vart rekna ut som gjennomsnittsalderen for personar over 50 år som var i arbeid eit gitt år, men som ikkje var registrert i arbeid dei etterfølgjande to åra. Det viser seg at denne metoden ikkje lenger fungerer godt når vi bruker data på tvers av årsskiftet 2014/2015 ettersom datagrunnlaget for arbeidsforhold vart endra frå 1. januar 2015.

Gjennomsnittleg avgangsalder etter 50 år

Vi har utvikla ein ny metode for avgangsalder der vi bruker tilsvarande tverrsnittsmetodikk som OECD sin indikator, men der vi bruker registerdata for lønntakarar i eittårige aldersgrupper ved utgangen av året. Ved bruk av registerdata er

det ikkje nødvendig å glatte data over fleire år. Vi har valt å setja ein nedre alder for avgang ved 50 år, som i praksis tyder at indikatoren tek utgangspunkt i personar som var i arbeid ved utgangen av året dei fylte 49 år. Vi har satt ein øvre alder for avgang til 80 år, og går då i praksis ut frå at ingen held fram i arbeid etter 80 år.

Formelen for gjennomsnittleg avgangsalder *avg* for eit gitt år er:

$$avg = \sum_{i=50}^{80} i \cdot \left(\frac{a_{i-1} - a_i}{a_{49}} \right)$$

Her er a_i delen i registrert arbeid ved alder i ved utgangen av året. Ettersom vi set øvre alder for avgang til 80 år, set vi a_{80} lik 0.

Vi reknar ikkje med sjølvstendig næringsdrivande i desse tala. Ettersom det er meir vanleg for seniorar å gå frå å vera lønntakarar til sjølvstendig næringsdrivande enn omvendt, vil det kunne undervurdere avgangsalderen noko.

Avgangsalder etter næring og yrke

Indikatoren gjennomsnittleg avgangsalder baserer seg på delen i arbeid i heile folket. Fordi vi ikkje kan fordele heile folketalet etter næring og yrke må vi nytta ei anna tilnærming for å rekne ut avgangsalder fordelt på desse kjenne-teikna. Vi tek utgangspunkt i registrerte arbeidstakarar ved utgangen av 2015 etter næring og yrke. Vi har rekna ut ratane som slutta i arbeid frå 2015 til 2016 ved eittårige aldrar frå 50 år og oppover for kvar næring og kvart yrke. Vi har sett ratane saman til ei overlevingskurve for å framleis vera i arbeid gitt at ein var i arbeid ved 49 år. Også for denne indikatoren set vi nedre grense for avgang til 50 år og øvre grense til 80 år. Avgangsalderen reknar vi ut som produktet av kvar alder frå 50 til 80 år og delen som sluttar i arbeid ved same alder, summert for alle aldrar.

Ulempa med ei slik tilnærming vil vera at det òg vil vera personar som byrjar i arbeid etter 50 år utan at dei var i arbeid året før. For å korrigera for dette, har vi gjort fråtrekk i avgangsrataner for nye arbeidstakarar over 50 år som kom til i 2016 og som ikkje var i arbeid ved utgangen av 2015. Desse fråtrekka har vi tilordna det siste yrket og næringen ein person hadde før han/ho gjekk ut av arbeidslivet. Vi har her brukt data for 2011–2015 for å leite opp siste tidlegare arbeidsforhold. Dette er ei viktig justering av indikatoren, fordi det fører til at gjennomsnittleg avgangsalder aukar med om lag 3 år. For ein del nye arbeidstakarar over 50 år klarar vi ikkje å finne tilbake til tidlegare yrke og næring. Avgangsalder etter næring og yrke har difor et lågare nivå enn gjennomsnittleg avgangsalder målt for alle arbeidstakarar.

¹ Utvalgsundersøking om arbeidstilknytning som vert gjennomført på tilsvarande vis i alle OECD-land.

og nyttilgang i arbeidslivet etter 50 år gjer det krevjande å måla avgangsalderen eksakt.

Forventa pensjoneringsalder har auka litt frå 2011

I 2016 var forventa pensjoneringsalder⁵ for ein person på 50 år på 62,8 år. For kvinner var den 0,3 år høgare enn for menn (figur 9). Forventa pensjoneringsalder for kvinner var i alle år før 2011 lågare enn for menn. Denne endringa kjem av pensjonsreforma. Kvinner har i langt mindre grad enn menn nytta seg av høvet til å ta ut alderspensjon før 67 år.

Det var ein sterk auke i forventa pensjoneringsalder i 2004 og dei næraste åra etterpå. Dette kom av innføringa av tidsavgrensa uførestønad. Eit hovudmål med denne ordninga var å minka tilgangen til varig uføretrygd. I 2010 og 2011 var det ein nedgang i forventa pensjoneringsalder på alle aldersnivå. Dette kjem av auka tilgang både til uføretrygd og AFP, og i 2011 også til alderspensjon på grunn av innføringa av fleksibel alderspensjon frå 62 år. Auken i tilgangen til uføretrygd kjem i stor grad av opphevinga av tidsav-

grensa uførestønad. Mange mottakarar av arbeidsavklaringspengar som tidlegare hadde tidsavgrensa uførestønad, har fått uføretrygd (Lande 2014). Dessutan kan det vera at ein del personar som før ville fått tidsavgrensa uførestønad, har fått uføretrygd i staden for arbeidsavklaringspengar.

Auken i forventa pensjoneringsalder etter 2011 kjem av lågare tilgang til alderspensjon i alderen 63–66 år samanlikna med 2011, då tilgangen var ekstra stor sidan fem årskull fekk høve til å ta ut alderspensjon før fylte 67 år. Svingingane i forventa pensjoneringsalder etter 2011 kjem først og fremst av svingingar i tilgangen til uføretrygd. Det har dei siste par åra òg vore litt færre som har teke ut alderspensjon før 67 år.


Tilhøva på arbeidsmarknaden påverkar også pensjoneringsåtfërda. Noreg var inne i ein høgkonjunktur frå 2003/2004 til 2008. Auken i etterspurnaden etter arbeidskraft i denne perioden kan ha medverka til å forklara auken i forventa pensjoneringsalder i 2005–2007. Tilsvarende kan minka etterspurnad i 2009–2010 ha medverka til auka uttak av pensjon.

Berre liten auke i talet på år som yrkespassiv

Vi får eit mål for talet på årsverk som yrkespassiv etter femti år ved å ta skilnaden mellom forventa


.....
⁵ Pensjoneringsalder tyder her alder ved fyrste uttak av pensjon.

Figur 9. Forventa pensjoneringsalder ved fylte 50 år, etter kjønn



Kjelde: NAV

Figur 10. Forventa attståande levetid og yrkesaktivitet etter 50 år




Kjelde: NAV

levetid og forventa yrkesaktivitet etter 50 år (figur 10). Talet på yrkespassive årsverk var 21,4 år i 2001, og har berre auka med eit halvt år til 21,9 årsverk i 2016. Dette inneber at folk over 50 år har teke ut det meste av auken i forventa levealder i auka yrkesaktivitet – 2,2 årsverk av ein auke i forventa levealder på i alt 2,7 år.

Ved å sjå på skilnaden i forventa levetid og forventa pensjoneringsalder ved 50 år, får vi eit overslag over forventa tid som mottakar av pensjon. Denne har auka monaleg frå 17,6 år i 2001 til 20,9 år i 2016. Auken kjem både av auka forventa levealder og nedgang i forventa pensjoneringsalder. Auken frå 2001 til 2016 er på 3,3 år. 2,7 år kjem av auka levealder og 0,6 år av lågare pensjoneringsalder.

Figur 11. Forventa pensjoneringsalder ved fylte 62 år, etter kjønn. Berre alderspensjon og AFP



Kjelde: NAV

Forventa pensjoneringsalder for alderspensjon og AFP

Vi har så langt sett på pensjoneringsalder der uføretrygd inngår i pensjonsomgrepet. Men uføretrygd er ikkje ei frivillig form for pensjonering på same måte som alderspensjon og AFP, men pensjonering som følgje av dårleg helse. For å få eit bilete av utviklinga av den meir frivillige pensjoneringa, ser vi på korleis forventa pensjoneringsalder utviklar seg når vi avgrensar pensjonsomgrepet til berre å omfatta alderspensjon og AFP (figur 11). I privat sektor er AFP no eit tillegg til alderspensjonen. I offentleg sektor kan ein velja mellom alderspensjon og AFP dersom ein vil ta ut pensjon før 67 år.

Frå 2001 til 2010 var det ein moderat nedgang i forventa pensjoneringsalder rekna på denne måten, med om lag 0,3 år. I 2011 blei det mogeleg å ta ut alderspensjon frå 62 år. Mange, særleg menn, nytta seg av dette, og vi fekk ein reduksjon i forventa pensjoneringsalder frå 2010 til 2011 med om lag eitt år. For kvinner var nedgangen berre 0,3 år og for menn 1,7 år.

Den store skilnaden mellom kvinner og menn skuldast både at ein større del menn fyller vilkåra for å ta ut pensjon før fylte 67 år, og at kvinner som oppfyller vilkåra i langt mindre grad nyttar seg av ordninga. Forventa pensjoneringsalder for menn og kvinner samla er med denne utrekningsmåten om lag den same i 2016 som i 2011 – 65 år. Det har vore ein viss auke for menn og ein tilsvarande nedgang for kvinner frå 2011 til 2016.

Referansar

Birkholz, Karl (2017) «Pensions- och utträdesålder.» Presentasjon på Jubileumskonferanse for Pensjonsforum 2. mars 2017. Stockholm: Pensionsmyndigheten. Tilgjengeleg frå: <http://www.pensjonsforum.net/images/foredrag/Karl-Birkholt-20170301.pdf>

Bragstad, Torunn (2009) *Tidsbegrenset uførestønad – evaluering fire år etter innføring*. NAV-rapport 3/2009, Oslo: Arbeids- og velferdsdirektoratet.

Carneck, Alexander (2016) «Registerbasert in- och utträdesålder från arbetsmarknaden». Rapport. Stockholm: Pensionsmyndigheten.

Dahl, Espen Halland og Ole Christian Lien (2013) «Pensjonsreformen – flere eldre i arbeid». *Arbeid og velferd*, 1/2013, 58–71.

Dalen, Erik (2016a) «Norsk seniorpolitisk barometer 2016». Kommentarrapport, yrkesaktive». Oslo: Ipsos MMI.

Dalen, Erik (2016b) «Norsk seniorpolitisk barometer 2016». Kommentarrapport, ledere i arbeidslivet». Oslo: Ipsos MMI.

Fredriksen, Dennis og Nils Martin Stølen (2014) «Pensjonsreformen – stort omfang av tidliguttak øker pensjonsutgiftene på kort sikt». *Økonomiske analyser*, 6/2014, 34–39.

Haga, Oddbjørn (2013) «Forventa pensjoneringsalder og yrkesaktivitet». *Arbeid og velferd*, 2/2013, 102–116.

Haga, Oddbjørn og Ole Christian Lien (2016) «Forventa pensjoneringsalder og yrkesaktivitet». *Arbeid og velferd*, 2/2016, 105–115.

Hernæs, Erik, Simen Markussen, John Piggott og Knut Røed (2016) «Pension Reform and Labor Supply». *Journal of Public Economics*, 142 (2016), 39–55.

Lande, Sigrid (2014) «Arbeidsavklaringspenger – mottakere overført fra tidligere ordninger». *Arbeid og velferd*, 2/2014, 89–100.

Nordby, Pål og Helge Næsheim (2017) *Yrkesaktivitet blant eldre før og etter pensjonsreformen. 2016. Rapporter 2017/5*. Oslo/Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå.

Regjeringa og partane i arbeidslivet (2014) *Intensjonsavtalen om et mer inkluderende arbeidsliv*. Tilgjengelig frå: https://www.regjeringen.no/no/tema/arbeidsliv/arbeidsmiljo-og-sikkerhet/inkluderende_arbeidsliv/ia-avtalen-2014-18/IA-avtalen-2014-2018/id752432/

Scherer, P. (2002) *Age of Withdrawal from the Labour Market in OECD Countries*. OECD Labour Market and Social Policy – Occasional Papers, No. 49. Paris: OECD.

Sørbø, Johannes og Jørn Handal (2010) «Nedgangskonjunkturen til nå – hva skiller denne fra de forrige?». *Arbeid og velferd*, 1/2010, 13–21.

